

SOGN OG FJORDANE
ÅRSRAPPORT FOR TRYGGE LOKALSAMFUNN 2010



1. **Namn på fylkeskommune:** Sogn og Fjordane fylkeskommune
2. **Namn på lokal kontaktperson:** Emma Bjørnsen, fagkoordinator, emma.bjornsen@sfj.no

3. Beskriv kortfatta den infrastruktur, som er ansvarlig for å fremme tryggleik i kommunen

Trygge lokalsamfunn er ein integrert del av fylkeskommunen sitt folkehelsearbeid som frå 1.1.2010 er ei lovpålagt oppgåve. Det skade- og ulykkesførebyggande arbeidet er forankra politisk i gjeldande fylkesplan, og er eit av 8 område i handlingsplanen for programmet "Folkehelse og livsutfalding" saman med rusførebygging og universell utforming. Tema som er relevante for trygge lokalsamfunn finn ein såleis i mange av dei satsingsområda fylkeskommunen har prioritert, og som ein integrert del av avdelingane sitt arbeid.

Fram til 31.12.2009 fungerte fleire regionale ressursgruppe på fleire temaområde, m.a. for skader og ulykker. Som ein konsekvens av lovpålegget og ny organisering både hos Fylkesmannen og i fylkeskommunen vart desse gruppene midlertidig lagt ned. Dei vil bli etablert på nytt våren 2011.

Programmet "Folkehelse og livsutfalding" vil halde fram til 2012, og har eit programstyre der desse deltek:

Namn	Representant for	Stilling
Åshild Kjelsnes (leiar)	Fylkeskommunen	Fylkespolitikar
Björg Eikum Tang	Fylkesmannen	Folkehelserådgjevar
Kari Aaberge	Høgskulen	Studieleiar
Janny Strøm Dvergsdal	Helse Førde	Ass. fagdirektør
Emma Bjørnsen (sekr.)	Fylkeskommunen	Folkehelsekoordinator

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er eit politisk organ som har ansvar for trafikktryggingarbeidet. FTU har rullert handlingsplanen for trafikktryggleik og har for perioden 2010-2013 spissa innsatsen inn mot unge, foreldre og arbeidsgjevarar, sjå link

[http://www.sfj.no/cmsff/cmsmm.nsf/lupGraphics/Trafikktrygging%20-%20Handlingsplan%20-%202010-2013.pdf/\\$file/Trafikktrygging%20-%20Handlingsplan%20-%202010-2013.pdf](http://www.sfj.no/cmsff/cmsmm.nsf/lupGraphics/Trafikktrygging%20-%20Handlingsplan%20-%202010-2013.pdf/$file/Trafikktrygging%20-%20Handlingsplan%20-%202010-2013.pdf)

FTU består av 5 fylkespolitikarar og 6 konsultative medlemmar:

Namn	Representant for	Stilling
Åshild Kjelsnes (leiar)	Fylkeskommunen	Fylkespolitikar
Margreta Navelsaker	Fylkeskommunen	Fylkespolitikar
Liv Stave	Fylkeskommunen	Fylkespolitikar
Svein-Ottar Sandal	Fylkeskommunen	Fylkespolitikar
Jan Taule	Fylkeskommunen	Fylkespolitikar
Konsultative medlemer:		
Audun Heggstad	Trygg Trafikk	Fylkessekretær
Ulike representantar	Politiet	
Helge Sjur Eggum	Statens Vegvesen	
Ulike representantar	Trafikkskulane	
Björg Eikum Tang	Fylkesmannen	Folkehelserådgjevar
Knut Grinde	Fylkeskommunen, opplæring	Rådgevar

Fylkeskommunen gjennomførde ein omorganiseringsprosess hausten 2009, og plan og samfunnsavdelinga vart oppretta frå 01.01.2010. Til denne avdelinga er folkehelse inkl. friluftsliv og

universell utforming lagt, saman med områder som plan, miljø, ressursforvaltning m.m. Hausten 2010 vart det oppretta eit basisteam for folkehelse der desse deltek:

Namn	Arbeidsområde
Emma Bjørnsen	Folkehelsekoordinator, leiar
Anne-Lene Norman	Seniorrådgjevar
Joar Helgheim	Rådgjevar
Ove Henning Solheim	Prosjektleiar

4. Omtale kortfatta de langsiktige, bærekraftige programmer som er lagt opp for å sikre et trygt lokalsamfunn og som omhandlar alle aldersgrupper og arenaer.

Trygge lokalsamfunn er ein integrert del av fylkeskommunen i sitt langsiktige og lovpålagde folkehelsearbeid, og er ein viktig del av partnerskapsarbeidet både på fylkes- og kommunenivå.

Gjennom den regionale planstrategien og spesielt gjennom FTU sitt arbeid, får trygge lokalsamfunn politisk handsaming og merksemd. Skader og ulykker er vidare integrert i fylkeskommunen sine avdelingar som tema i vidaregåande skule (opplæringsavdelinga), i tilpassa transportordningar (samferdsleavdelinga), fokus på tannskade (tannhelsetenesta) brann- og fallulykker blant eldre (rådmannen sin stab) og i alle områder innan universell utforming .

Styringsdokument	Målgruppe	Starta	Kommentarer
Fylkesplanen	Alle	2005-2008	Gjeld fram til 2012
Regional planstrategi	Alle	2009/2010	Ferdig i desember 2011
Budsjett og økonomiplan	Alle		Årleg rullering
Handlingsplan for trafikktrygging	Alle	2010-2013	Rullering kvart 4. år
Handlingsplan for universell utforming	Alle	2007	Skal rullerast kvar FT-periode
Handlingsplan for Folkehelse	Alle	2005	Årleg rullering
Strategiplan for vidaregåande opplæring	Elevar	2008	Periode 2010-2012

5. Omtale kortfatta programmer som er retta inn mot spesifikke høgrisikogrupper og sårbare grupper.

Program	Målgruppe	Styringsdokument	Starta	Kommentar
Partnerskap for folkehelse	Kommunar	Handlingsplan for folkehelse	2004	Avtalar med 21 kommunar om folkehelsearbeid
Trafikktrygging	Barn, unge og eldre	Handlingsplan for trafikktryggleik		Vert gjennomført av FTU
Trygt heim for ein 50-lapp	Ungdom 16-19 år i skulesentra	Handlingsplan for trafikktryggleik	2002	Trygg transport heim frå fest i helga
Lokale transporttilbod	Ungdom 13-19 år i heile fylket	Handlingsplan for trafikktryggleik	2002	Trygg transport til/frå fritidsaktivitetar
“Sørvissskyssen”	Eldre, andre i 14 kommunar	Plan for universell utforming	2009	Tilrettelagt transport av eldre og uføre til aktivitetar
Utdeling av refeks og refleksvestar	Alle grunnskular i fylket			Fylkeskommunen delar kvar år ut refleks til alle elevane. Samarbeid med Trygg Trafikk

Trafikksynfaringar i alle kommunane	Alle	Handlingsplan for trafikktryggleik		Statens vegvesen, Fylkesmannen og Trygg Trafikk
Kurs i å unngå skader i Danseverkstadane	Barn og unge i 14 kommunar som deltek i danseverkstadane	Handlingsplanen for folkehelse	2009	Årlege kurs for ungeinstruktørar i korleis redusere skader under dans
"Livreddande kolleksjon"	Ungdom	Handlingsplan for trafikktryggleik	2009	Utvikle tekstilar og ytterklær med integrert refleks
Trygg russefeiring	Ungdom	Folkehelseplan i vidaregåande skule	2007	Trygge russebilar og transport til og frå arrangement som russen deltek på
Kompetanse om vald og seksuelle overgrep	Alle, kvinner	Sentrale dokument	2009	Fylkesmannen leiår arbeidet med kompetanseheving
Krav til tryggleik ved kjøp av transporttenester	Alle	Handlingsplan for trafikktryggleik	2010	Krav til rutebileigarar. Samarbeid med Statens Vegvesen

6. Omtale ordningar / programmer som dokumenterer skadesituasjonar, hyppigheit og årsaker til skader.

Helseoversyn er ei lovpålagt oppgåve for fylkeskommunane. Vi håper dette arbeidet vi gje oss betre statistikkgrunnlag for skader og ulykker både for fylket og for kommunane. I dag må vi støtte oss på ufullstendige registreringar. Det er kun på trafikkområdet vi har tilfredsstillande statistikk i dag.

7. Omtale kortfatta evalueringstiltak for å vurdere egne programmer, prosesser og effekt av endringar

Evalueringar av prosjekt og tiltak skjer årleg, og er avgjerande for vidareføring og vidareutvikling av det som er starta opp. 4-årige handlingsplanar vert evaluert i samband med at planane skal rullerast.

8. Omtale kortfatta fylkeskommunen si deltaking og medverknad i nasjonalt og internasjonalt nettverk av Trygge lokalsamfunn.

Fylkeskommunen er medlem i Skadeforebyggende forum og deltek i Nasjonalt Råd for Trygge lokalsamfunn. Vi deltek også på utvalde internasjonale konferansar. På dei nordiske konferansane deltek vi med føredrag, posters og organiserer fellestur for kommunar og frivillige organisasjonar frå Sogn og Fjordane. Sist deltok vi i 2010 på den nordiske konferansen i Reykjavik, Island .

9. Omtale kort evt. vesentlige endringar i høve opphøveleg søknad og tidlige rapportar.

I løpet av dei 5 åra som er gått sidan vår søknad vart utarbeidd har det skjedd strukturelle endringar og ei utvikling av det praktiske arbeidet. Dei strukturelle endringane er fyrst og fremst knytt til opparbeidinga av partnerskapen i fylket som fylkeskommunen har ansvar for, folkehelselova og ny organisering av sentraladministrasjonen. Det vil bli store endringar også i framtida knytt til realiseringa av samhandlingsreforma i kommunehelsetenesta, som vi har eit udefinert ansvar for å støtte opp under, og i spesialisthelsetenesta. I vårt eige arbeid er ulykkesførebyggande tiltak vorte integrert etter utprøving, og nye prosjekt er kome til. Det sektorovergripande samarbeidet er styrka.

10. Omtale kortfatta inntil tre spesielt vellukka tiltak som kan gi inspirasjon til arbeidet i andre kommunar og brukast i ein Trygge lokalsamfunn-idébank

”Sørvissskyssen” er eit tilrettelagd transporttilbod for eldre og uføre i 10 kommunar som indirekte kan førebygge ulykker, og som fremjar sosial deltaking. Kvar kommune skreddarsyr sitt eige opplegg i kommunesentra som passasjerane kan delta på, og vel kva trasear ruta skal ha. Ruta blir oftast køyrd med maxitaxiar.

”Trygge eldre” varde ut 2009 som prosjekt, men vert vidareført i kommunane som deltok. Vi meiner det er eit behov for at fylkeskommunen tek ansvar for å stimulere til at kommunar og frivillige organisasjonar kan jobbe systematisk på skadeutsette område. Fylkeskommunen sine bidrag til kommunane kan vere å yte tilskotsmidlar, drifte møteplassar for informasjon og erfaringsformidling, samt å bidra med kompetansehevande tiltak.

11. Omtale kortfatta direkte resultat av Trygge lokalsamfunnsarbeidet. Utviklingstrendar, resultat av kampanjar og anna arbeid, gjerne med sitat frå involverte.

Fylkeskommunen har dei siste 12 åra teke ansvar for at kommunar og frivillige samarbeidspartar kan delta på dei nordiske Safe Community-konferanseane. Fylkeskommunen koordinerer deltakinga både fagleg og praktisk, og gjev økonomisk støtte til reise- og konferanseavgifter. Deltakarane opplever konferansane som både faglig inspirerende og sosialt oppbyggande, og gjev uttrykk for at dei ikkje ville kunne deltatt dersom ikkje fylkeskommunen la til rette for det.

12. Omtale i stikkord aktiviteter som er gjennomført i samarbeid med frivillige organisasjonar, lag og foreningar og gi en oversikt over de frivillige organisasjonar som har deltatt i arbeidet.

Trygg Trafikk og Sogn og Fjordane fotballkrins er to sentrale samarbeidspartar i trafikktryggingsarbeidet, og som tek ansvar for fleire prosjekt retta mot barn og unge. ”Jentenes trafikkaksjon” er eit prosjekt i regi av Trygg Trafikk. Prosjektet skal få jenter mellom 16-18 år til å påverke gutar til å køyre trygt og fint. Fotballkrinsen gjennomfører eit omfattande og systematisk arbeid for å sikre trygg og sikker transport til/frå treningar og fotballkampar.

13. Er det satt av egne midler til Trygge Lokalsamfunn-arbeidet på fylkesbudsjettet? Hvor mye?

Store tiltak som ”Trygt heim for ein 50-lapp” og ”Lokale transporttilbod” er lagt inn i driftsbudsjettet for samferdsleavdelinga med 2 mill. kvart år. For ”Sørvissskyssen” er det budsjettert med 3,5 mill. Det er avsett 700.000 til gjennomføring av Trafikktryggleiksplanen, og programmet ”Folkehelse og livsutfalding” har sett av 300.000 til å motivere kommunane til å jobbe i tråd med TL-modellen.

14. Korleis vert Trygge lokalsamfunn-arbeidet profilert?

Trygge lokalsamfunn er omtala på heimesidene våre, er omtala som tema på fylkesdekkande konferansar, og på samlingar for partnarskapskommunane. I tillegg ver logoen brukt på rapportar og på profileringsmateriell. Det blir delt ut refleksvestar og refleksar med logoen på.